



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

# Prop. 80 L

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringer i rettsgebyrloven  
(justering av multiplikator for forliksklage  
og forkynning av betalingsoppmodning)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	5	3.4.3	Retting av inkurie i rettsgebyrlova § 10 fyrste ledd nr. 6.....	12
<b>2</b>	<b>Bakgrunnen for lovforslaget</b> ....	5	<b>4</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....	12
<b>3</b>	<b>Justering av multiplikatorar</b> ....	6	<b>5</b>	<b>Merknadar til dei einkilde føresegnene</b> .....	12
3.1	Gjeldande rett .....	6			
3.2	Forslaga i høyringsnotatet .....	7			
3.3	Høyringsinstansane sitt syn .....	7			
3.4	Vurderingar frå departementet .....	11		<b>Forslag til lov om endringar i rettsgebyrloven (justering av multiplikator for forliksklage og forkynning av betalingsoppmoding)</b> .....	14
3.4.1	Justering av multiplikator for forliksklage .....	11			
3.4.2	Justering av multiplikator for forkynning av betalingsoppmoding .....	11			





# Prop. 80 L

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i rettsgebyrloven (justering av multiplikator for forlikssklage og forkynning av betalingsoppmoding)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 5. april 2024,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet fremjar i denne proposisjonen forslag til endringar i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr (rettsgebyrlova). Endringane gjeld justering av multiplikator for handsaming av saker i forliksrådet og forkynning av betalingsoppmoding (konkursvarsel) etter lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkurslova) § 63. Forslaga skal sikre at gebyra svarar til dei gjennomsnittlege kostnadane staten har ved å produsere dei aktuelle tenestene (sjølvkost).

Gebyra er knytt til rettsgebyret (R). Rettsgebyret er eit grunngbyr som dannar utgangspunkt for utrekning av betaling for visse offentlege tenester. Gebyret som betalast for tenestene, er sett saman av grunngbyret og ein multiplikator. Rettsgebyret er i Prop. 1 S (2023–2024) for Justis- og beredskapsdepartementet fastsett til 1 277 kroner frå 1. januar 2024, jf. forskrift 15. februar 1983 nr. 86 etter rettsgebyrlova m.m. (rettsgebyrforskriften) § 2-1.

Departementet foreslo i Prop. 1 S (2023–2024) å oppjustere gebyra for handsaming av ei sak i forliksrådet og forkynning av betalingsoppmoding til sjølvkost sidan dei var prisa for lågt. Fastsetjing av nye multiplikatorar for desse tenestene må sjåast i

samanheng med Stortingets budsjettvedtak for 2024.

Departementet foreslår å endre gebyret for handsaming av ei sak i forliksrådet etter rettsgebyrlova § 7 fyrste ledd frå 1,1 R til 1,54 R (1 966,58 kroner). Vidare foreslår departementet at gebyret for forkynning av betalingsoppmoding etter rettsgebyrlova § 25 fyrste ledd andre punktum vert endra frå 0,4 R til 0,5 R (638,50 kroner). I tillegg foreslår departementet å rette ein inkurie i rettsgebyrlova § 10 fyrste ledd nr. 6. Det vert foreslått at lovendringane tek til å gjelde frå 1. juli 2024.

### 2 Bakgrunnen for lovforslaget

Det er eit mål at gebyr ikkje skal overstige dei gjennomsnittlege kostnadane staten har ved å produsere dei aktuelle tenestene. Samstundes bør betaling dekkje kostnadane fullt ut basert på kostnadseffektiv drift (sjølvkost), jf. Finansdepartementet sitt rundskriv R-112/15 *Bestemmelser om statlig gebyr- og avgiftsfinansiering* punkt 3.2.2.

Både størrelsen på rettsgebyret og dei gjennomsnittlege kostnadane staten har ved si handsaming, vert endra over tid. Det inneber at multiplikatorane som nyttast ved utrekninga av

gebyra, må endrast frå tid til anna. Politidirektoratet har gjort utrekningar som viser at det no er aktuelt med ei oppjustering av multiplikatorane som gjeld handsaming av ei sak i forliksrådet og forkynning av betalingsoppmodning etter konkurslova § 63.

Høyringsnotat om endringar i rettsgebyrlova vart sendt på høyring 17. januar 2024 med frist 1. mars 2024 for å gje høyringssvar. Høyringsnotatet vart sendt til desse instansane:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet  
Barne- og familiedepartementet  
Finansdepartementet  
Helse- og omsorgsdepartementet  
Kommunal- og distriktsdepartementet  
Kultur- og likestillingsdepartementet  
Kunnskapsdepartementet  
Statsministerens kontor

Høgsterett  
Lagmannsrettane  
Tingrettane  
Forliksråda

Domstoladministrasjonen  
Politidirektoratet  
Politidistrikta  
Registereininga i Brønnøysund  
Regjeringsadvokaten  
Samarbeidsutvalet for forliksråd og namsmenn  
Sametinget  
Sivilombodet  
Skattedirektoratet  
Statens innkrevingssentral  
Statens sivilrettsforvaltning  
Statsforvaltarane  
Sysselmeisteren på Svalbard

Kommunane

Advokatforeningen  
Akademikerne  
Den norske Dommerforening  
Dommerfullmektigforeningen  
Juristforbundet  
KS  
Norsk tjenestemannslag  
Parat  
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon  
Gatejuristen  
Gjeldsoffer-Alliansen  
Juridisk rådgivning for kvinner  
Jussbuss  
Jussformidlingen

Jusshjelpa i Nord-Norge  
Norges Handikapforbund  
Norsk organisasjon for asylsøkere  
Rettspolitisk forening  
Stiftelsen Rettferd

Følgjande høyringsinstansar hadde merknadar til høyringsforslaget:

Oslo forliksråd  
Ringerike, Hole og Jevnaker forliksråd

Oslo politidistrikt ved Namsfuten i Oslo, Asker og Bærum  
Politidirektoratet

Finans Norge  
Finansforbundet  
Jussbuss  
Odd Martin Landstad  
Rettspolitisk forening

Universitetet i Bergen ved professorane Anna Nylund og Magne Strandberg

I tillegg har departementet motteke høyringssvar frå ein anonym privatperson.

Følgjande høyringsinstansar svarte at dei ikkje hadde merknadar til forslaget, eller at dei ikkje fann grunn til å gje høyringssvar:

Høgsterett  
Borgarting lagmannsrett

Domstoladministrasjonen  
Skattedirektoratet

### **3 Justering av multiplikatorar**

#### **3.1 Gjeldande rett**

Etter gjeldande rett betalast 1,1 R (1 404,70 kroner) for handsaming av ei sak i forliksrådet, jf. rettsgebyrlova § 7 fyrste ledd. Gebyret kjem til sjølv om saka seinare vert trekt eller avvist. Dersom forliksklaga vert trekt før pålegg om tilsvarende eller innkalling er sendt til den som er klaga inn, kjem det likevel ikkje til gebyr, jf. andre ledd. Er gebyr i eit slikt tilfelle allereie betalt, vert gebyret betalt attende, jf. andre punktum. Det følgjer av tredje ledd at det ikkje kjem til gebyr dersom ei forliksklage vert avvist på grunn av manglande betaling av gebyr.

Multiplikatoren knytt til gebyret for handsaming av ei sak i forliksrådet har vore den same sidan 1. januar 2022, sjå Prop. 12 L (2021–2022) *Endringer i rettsgebyrloven (nedjustering av gebyrer)*.

Etter rettsgebyrlova § 25 fyrste ledd andre punktum er gebyret for forkynning av betalingsoppmoding etter konkurslova § 63 0,4 R (510,80 kroner). Multiplikatoren knytt til gebyret for forkynning av betalingsoppmoding har vore den same sidan 1. januar 2022, sjå Prop. 12 L (2021–2022).

### 3.2 Forslaga i høyringsnotatet

I høyringsnotatet foreslår departementet å endre multiplikatorane for handsaming av ei sak i forliksrådet og forkynning av betalingsoppmoding etter konkurslova § 63, slik at gebyra svarar til sjølvkost. Politidirektoratet sine utrekningar av sjølvkost følgjer av tabell 3.1.

Tabell 3.1 Forliksklage

Ressursbruk	
Løn	1808
IKT-system	92
Porto, papir, faglitteratur	62
Utvikle nye digitale løysingar	6
<b>Totalt</b>	<b>1968</b>

Politidirektoratet har rekna ut at det kostar staten i gjennomsnitt 1 968 kroner å handsame ei sak i forliksrådet. For at gebyret skal bli omtrent lik dette beløpet, foreslår departementet i høyringsnotatet at multiplikatoren vert fastsett til 1,54 R, som vil seie 1966,58 kroner. Aukinga i gebyr vert 561,88 kroner. Etter departementet si mening vil kostnadene knytt til handsaming av ei sak i forliksrådet framleis vere låge samanlikna med å få saka handsama i dei ordinære domstolane. Det er ikkje grunn til å tru at aukinga i gebyr vil påverke bruken av forliksråd i særleg grad. For den einskilde vil det sjeldan vere snakk om hyppige utgifter.

Vidare har Politidirektoratet rekna ut at det kostar staten i gjennomsnitt 676 kroner å forkynne ei betalingsoppmoding. Utrekningane av sjølvkost følgjer av tabell 3.2.

Tabell 3.2 Forkynning av betalingsoppmoding

Ressursbruk	
Løn	556
IKT-system	92
Porto og papir	28
<b>Totalt</b>	<b>676</b>

For at gebyret skal verte omtrent lik denne summen, må multiplikatoren setjast til 0,53 R. Av omsyn til samanhengen i regelverket som gjeld gebyr for forkynningar, foreslår departementet at multiplikatoren setjast til det same som i rettsgebyrlova § 25 fyrste ledd tredje punktum (0,5 R). Forslaget i høyringsnotatet om å endre multiplikatoren for gebyret i rettsgebyrlova § 25 fyrste ledd andre punktum frå 0,4 R (510,80 kroner) til 0,5 R (638,50 kroner), er difor noko lågare enn sjølvkost. Etter departementet sitt syn er ei auking i gebyr på om lag 128 kroner moderat. Ein kan difor gå ut frå at aukinga ikkje vil påverke bruken av forkynningar i særleg grad. På same måte som for handsaming av saker i forliksrådet, er det sjeldan tale om hyppige utgifter for den einskilde.

For forkynningar som ikkje gjeld betalingsoppmoding etter konkurslova § 63, som ikkje vert kravd av offentleg styresmakt og kor forkynninga ved stemnevitne ikkje er naudsynt etter lovgivinga, går det fram av rettsgebyrlova § 25 fyrste ledd tredje punktum at gebyret utgjer halvparten av rettsgebyret. Det samsvarar omtrent med sjølvkost. Departementet foreslår difor ikkje å endre denne multiplikatoren no.

### 3.3 Høyringsinstansane sitt syn

*Høgsterett, Borgarting lagmannsrett, Domstoladministrasjonen og Skattedirektoratet* har ikkje merknadar til dei føreslegne lovendingane.

*Ringierike, Hole og Jevnaker forliksråd* uttalar i sitt høyrings svar:

«Forliksrådet skal være enkelt, raskt og billig. Vi mener for høyt rettsgebyr kan gjøre det vanskelig for privatpersoner å føre saken sin i forliksrådet, slik at krav i henhold til småkravsprosessen ikke lønner seg. Det vil kun være inkassobyråer som fortsatt sender inn krav uansett størrelse på kravet. Vi mener multiplikator for behandling av forliksklage bør holdes på et rimelig og lavt nivå.»

Ein anonym privatperson peikar på at den foreslegne multiplikatoren på 1,54 R vil gje eit eksakt beløp på 1966,58 kroner. Vedkomande syner til at i dei tilfella gebyret for eit rettargangsskritt endar med desimalar, skal gebyret rundast nedover til nærmaste krone, jf. rettsgebyrlova § 6 a. Etter vedkomande si meining, vert gebyret difor 1 966 kroner.

*Odd Martin Landstad* har følgjande merknad til høyringsnotatet:

«Er av den oppfatning at forliksklager koster mye for de svakeste som allerede er i en vanskelig situasjon. Noe av hensikten med forliksrådets behandlinger er å gjøre en tvist så rimelig som mulig. Dette vil bli mye vanskeligere for de som allerede er har det økonomisk vanskelig fra før.»

*Politidirektoratet* syner i sitt høyringsssvar til at dei har gjeve politidistrikta moglegheit til å komme med merknadar til høyringsnotatet. Politidirektoratet har motteke innspel frå politidistrikta i Oslo, Troms, Sør-Øst, Vest, Trøndelag og Finnmark. Med unnatak av Oslo politidistrikt, har alle politidistrikta kunngjort at dei ikkje har merknadar til forslaga i høyringsnotatet.

Vidare syner Politidirektoratet til at dei har gjennomført nyare tidsstudiar innan forliksråds handsaming i politidistrikta. I tillegg er det gjort ei justering av timesatsen som er meir i tråd med realistisk timeutrekning. Basert på dette, syner Politidirektoratet til at det er gjort nye utrekningar knytt til arbeidet med å handsame ei sak i forliksrådet og forkynning av betalingsoppmoding etter konkurslova § 63. Etter Politidirektoratet sitt syn er departementet sitt forslag i samsvar med deira utrekningar, og dei er positive til forslaget om endringer i rettsgebyrlova. Politidirektoratet uttalar vidare:

«Det vises for øvrig til innspillene fra namsfogden i Oslo, Asker og Bærum, som understøtter dreiningen som har vært i forliksrådsbehandlingen når det kommer til utfall av digitalisering og bedre kontakt med partene. Det har som nevnt vært en ønsket utvikling å få ned antall fraværdommer. Dette er resultat av at det oppnås kontakt med klagemotparten og med det avholdes flere rettsmøter enn tidligere. Sekretariatene bruker også mer tid i dag til å håndtere digitale henvendelser, da de har økt betydelig i omfang siden omlegging til utsendelse av digital post. Det er positivt, da det er med på å øke rettsikkerheten til partene.»

*Oslo politidistrikt ved Namsfuten i Oslo, Asker og Bærum* sluttar seg til dei foreslegne endringane i høyringsnotatet. Dei uttalar mellom anna i sitt høyringsssvar:

«Namsfogden har all grunn til å anta at beregningene gir et riktig bilde. Særlig når det gjelder forliksrådssakene, har vi sett en utvikling over tid hvor sakene krever mer arbeid både fra sekretariat og rådsmedlemmer. Dette er det flere årsaker til. Digitalisering av enkelte oppgaver og løsninger har gitt en effektiviseringsgevinst på noen begrensede områder. Mulighetene til å levere inn forliksklager digitalt har blitt utvidet til nye grupper.

[...]

Det kan stiles spørsmål om hensynet til svakerestilte grupper tilsier at rettsgebyret for forliksrådet bør settes lavere enn selvkost. Selv om forliksrådsbehandling er relativt rimelig så kan kostnaden allikevel være belastende. Vi er ikke kjent med at det foreligger noen statistiske data som kan fortelle oss noe om saksøkte/innklagedes sosioøkonomiske forhold. Det er ofte tvist om pengekrav og debitor ønsker domstolens avgjørelse av kravet før han eventuelt betaler. Det er følgelig ikke alltid manglende betalingsevne som ligger til grunn for forliksrådssaker. Videre gjelder en rekke forliksrådssaker tvist om andre forhold enn pengekrav. Eksempler på dette kan være tvist om eiendomsrett, eiendomsgrenser eller høyden på hekker og trær. Heller ikke i disse sakene er det grunnlag for å hevde at partene typisk representerer noen svakerestilt gruppe som tilsier at de bør betale lavere rettsgebyr enn selvkost for å få saken sin behandlet i forliksrådet.

Selv om det foreslåtte gebyret for en forliksrådssak innebærer en høy prosentvis økning (40 %), utgjør det ikke mer enn 562 kr. Namsfogden er derfor enig i antakelsen i høyringsnotatet om at gebyrøkningen ikke vil påvirke bruken av forliksrådet i særlig grad og at det sjelden dreier seg om hyppige utgifter for den enkelte. Vi er enige i den samme antakelsen gjør seg gjeldende for gebyret for stevnevitneforkynningen av betalingsoppfordring etter konkursloven.

[...]

Når nivået på rettsgebyret til forliksrådet skal fastsettes, kan det være hensiktsmessig å se hen til behandlingsgebyrene i andre lavterskeltilbud hvor man kan få behandlet en tvist og skaffe seg et tvangsgrunnlag for kravet,



for eksempel Husleietvistutvalget (HTU) og Forbrukerklagenemnda. I HTU er i dag gebyret 1 277 kroner (1 R) dersom utleier tar ut sak, og 255 kroner (0,2 R) når leietaker tar ut sak. I Forbrukerklagenemnda har det vært foreslått et gebyr på 1 R, men er per i dag gratis. I disse sakstypene er det imidlertid lettere å argumentere for at det generelt er et misforhold i styrke mellom partene enn hva det generelt vil være i sakene i forliksrådet. Saksbehandlingen der synes i større utstrekning også å være skriftlig og nettmøtebasert. Vi ser det derfor ikke problematisk om rettsgebyret i forliksrådet blir liggende noe høyere.»

*Universitetet i Bergen ved professorane Anna Nylund og Magne Strandberg* uttaler i sitt høyrings-svar:

«Utgangspunktet om at forliksrådene skal finansieres etter selvkostprinsippet er prinsipielt sett problematisk. Domstolene er den tredje statsmakten, ikke ordinære forvaltningsorganer. Selv om forliksrådene etter domstol-loven formelt sett ikke er domstoler, har de samme funksjoner som domstolene, og i alle sakene med obligatorisk forliksrådsbehandling, er de de facto første instans.

En rettsstat kjennetegnes av at innbyggerne har reell adgang til å håndheve sine rettigheter etter loven. Høye rettsgebyrer, særlig gebyrer som er høye i forhold til tvistesummen, hindrer en slik adgang. Dersom innbyggerne de facto ikke kan håndheve sine rettigheter vil insensitivene til å følge lover og regler svekkes, og loven som verktøy for styring av samfunnet vil svekkes tilsvarende. Dette har ligget til grunn som et grunnpremiss i norsk sivilprosess over lang tid, og ble blant annet fremhevet at Tvistemålsutvalget som et av de bærende hensyn bak tvisteloven, se NOU 2001: 32 *Rett på sak* s. 127-131. Derfor bør rettspleien ikke ses på som en av mange samfunnstjenester som bør finansieres ut fra selvkostprinsippet.

Selv om de foreslåtte økningene gjelder relativt lave beløp, er den prosentuelle endringen stor. Økte gebyrer vil medføre at terskelen for, og den økonomiske risikoen ved, å gå til rettslige skritt for å kreve sin rett, vil øke. Dette gjelder særlig der motparten prøver å snu seg unna sine forpliktelser. Dette vil kunne gå utover rettssikkerheten til enkeltpersoner og små bedrifter.

Tilsvarende gjelder forkynninger, særlig dersom andre, billige, metoder for forkyn-

nelse enten ikke er aktuelle eller ikke har fungert.»

*Finans Norge* meiner primært i sitt høyrings-svar at forslaget i høyringsnotatet om å auke gebyret for å handsame ei forliksklage bør trekkjast, då forslaget vil auke dei totale utgiftene og børa for skuldnarane. Subsidiært meiner Finans Norge at gebyret bør reduserast slik at det vert ei reell lette for skuldnarane. Finans Norge peikar på at det i høyringsnotatet kjem fram at aukinga i gebyret må til for å dekkje statens kostpris for handsaming av saker i forliksrådet. Etter Finans Norge sitt syn står grunngevinga i kontrast til departementets tidlegare endringar for inkassobrandsjen med tilvising til Prop. 18 L (2020–2021) *Endringer i tvisteloven (halvering av skrivesalæret for forliksklager i inkassosaker)*, kor skrivesalæret vart halvert. Vidare syner Finans Norge til:

«På to år har altså kostnaden for staten med Forliksrådet økt med 44 %. Det er ikke foretatt noen utregning som kan forklare dette. På et område der det ellers legges opp til en stadig mer kostnadseffektiv prosess for, i så stor utstrekning som mulig, skåne skyldnere for kostnader, har staten en uforklarlig stor kostnadsøkning.

Det er også grunner til å anta at en uomtvistet sak heller ikke krever særlig stor innsats fra Forliksrådet. Dersom klagemotparten ikke inngir tilsvaret i saken, avgir forliksrådet en fraværdom.

En slik økning vil igjen øke byrden for skyldneren, som inkassoselskapene de siste årene har bidratt til å redusere. Finans Norge er derfor sterkt kritiske til at staten igjen skal øke skyldnerens byrde.»

*Finansforbundet* er einige med Finans Norge om at aukinga vil gjere gebyret for å handsame ei sak i forliksrådet unaturleg høgt. Finansforbundet er negativ til dei foreslegne endringane, og dei uttaler:

«Forslaget kommer også på et tidspunkt der flere allerede påvirkes av økte priser og renter, og de økonomiske og psykiske utfordringene som følger av dette. På bakgrunn av dette mener Finansforbundet at endringen ikke bør gjennomføres.

Til sist vil vi poengtere at riktig oppgjør er et viktig prinsipp både for virksomheter og samfunnet som helhet. Et velfungerende, til-litvekkende innkrevingssystem er nødvendig for å sikre dette. Både inkassoselskapene og skylderne er avhengig av tilgang til et lav-

terskelkonfliktløsningsorgan som forliksrådet for å avklare tvister. Finansforbundet frykter at økte gebyrer vil begrense tilgangen til forliksrådet og i ytterste konsekvens svekke tilliten til innkrevningssystemet.»

*Jussbuss* er òg kritiske til dei foreslegne endringane. Aukinga som vert foreslått, vil etter *Jussbuss* sitt syn kunne gå på kostnad av tilgangen til tvisteorgan for økonomisk vanskelegstilte personar. Prinsippet om sjølvkost kan ikkje leggst vilkårslaust til grunn. Om gebyret likevel aukar, meiner *Jussbuss* at departementet må gjere ei vurdering av forslaget opp mot retten til rettferdig rettgang etter EMK artikkel 6. *Jussbuss* uttalar:

«*Jussbuss* frykter at de foreslåtte rettsgebyrsøkningene vil resultere i at mange vil unnlata å hevde sin rett da det blir for dyrt. Dette er personer som må velge mellom å betale rettsgebyr, eller å ha råd til mat på bordet, å betale hele husleien og andre grunnleggende levekostnader.»

Vidare peikar *Jussbuss* på at for høge rettsgebyr er eit brot på retten til rettferdig rettgang etter EMK artikkel 6 med tilvising til avgjerder frå Den europeiske menneskerettsdomstolen og Europarådets *Guide on Article 6 – Right to a fair trial*. Etter *Jussbuss* sitt syn er det difor ikkje tilstrekkeleg at departementet berre har vurdert administrative og økonomiske konsekvensar. *Jussbuss* uttalar til slutt:

«*Jussbuss* mener at rettsgebyrene bør settes med utgangspunkt i det formål at alle skal ha reell og lik tilgang til tvistesystemet. Dersom departementet mener at økonomiske grunner overveier dette, må det foretas en klar og eksplisitt interesseavveining av individets rett til rettferdig rettgang veid opp mot statens behov for økonomisk inndekning. Selvkostprinsippet kan ikke legges ukritisk til grunn.»

*Oslo forliksråd* ber i sitt høyringssvar om at omsynet til rimelegheit må leggjast vekt på i vurderinga av den foreslegne aukinga. Oslo forliksråd tilrår primært at gebyret for å handsame ei sak i forliksrådet vert sett til 1 R. Subsidiært foreslår Oslo forliksråd at gebyret for å handsame ei sak i forliksrådet framleis skal vere 1,1 R. Oslo forliksråd grunnjev sitt høyringssvar med følgjande:

«I mange av sakene som bringes inn for forliksrådet er tvistesummen lav. En gebyrøkning slik

departementet foreslår, vil i et økende antall saker innebære at det samlede gebyr- og salærkrav fremstår urimelig høyt. Vi erfarer at det kan være vanskelig for partene å inngå forlik når gebyrkravet overstiger opprinnelig tvistesum.

Mange saker som behandles i forliksrådet skyldes økonomiske utfordringer for én eller begge partene. Ved dom i forliksrådet vil den parten som taper saken også måtte dekke gebyrene. Det er i tillegg slik at krav som blir sendt som utleggsforretning, men som blir tvistet, oversendes behandling i forliksrådet. I slike tilfeller tilkommer både gebyr for namsfogden og forliksrådet. I en situasjon der fattigdommen i Norge øker, fremstår det som lite hensiktsmessig å foreta en stor økning i gebyret for forliksklage nå.

Oslo forliksråd vil også påpeke at den store gebyrøkningen departementet foreslår, vil kunne redusere antall saker som blir brakt inn for forliksrådet i saker der tvistesummen er begrenset. I neste omgang vil dette kunne innebære et økonomisk tap for Staten og et tap for partene og deres rettsikkerhet.»

*Rettspolitisk forening* meiner at departementet i for liten grad har vurdert konsekvensane ei auking i rettsgebyret har for partane som er involvert ei sak i forliksrådet. Rettspolitisk forening uttalar at ei ein-sidedig grunngeving i lys av sjølvkostprinsippet bør vurderast opp mot omsynet til risikoen for den einskilde i ei forliksrådssak. Rettspolitisk forening peikar òg på at departementet må ha i tankane kor store aukingar som skal tillatast før dei foreslegne endringane vil stride mot retten til rettferdig rettgang. Rettspolitisk forening uttalar vidare:

«Å øke terskelen for å ta en sak til forliksrådet vil trolig øke den prosessuelle risikoen ved en forliksrådsbehandling. Selv der en sak i forliksrådet går til domstolene, viser undersøkelser at det er store avvik i kvalitet og krav til begrunnelse i avgjørelser fattet av forliksrådet [...] I ytterste konsekvens innebærer dette at rettmessige krav ikke fører frem eller at partene tvinges inn i en kostnadskrevende behandling hos domstolene.

[...]

Foreningen har forståelse for at økningen isolert sett ikke innebærer en markant endring i satsene. Likevel mener vi at departementet har tatt for lett på konsekvensene en økning av satsene kan ha for den enkeltes tilgang til dom-

stolene og rettferdig rettergang i sivile saker i lys av EMK art. 6 og Grl. § 95 flg.»

### 3.4 Vurderingar frå departementet

#### 3.4.1 Justering av multiplikator for forliksklage

Basert på utrekningane frå Politidirektoratet legg departementet til grunn at gjeldande gebyr er lågare enn kostnaden forliksråda har ved handsaming av sakene. Gebyra for bruken av offentlege tenester skal som hovudregel setjast til det som det kostar å produsere og levere tenestene, korkje meir eller mindre, sjå Prop. 10 L (2015–2016) *Endringer i rettsgebyrloven (justering av gebyrer)* side 1. Etter departementet si vurdering er det rimeleg at det vert betalt eit gebyr som svarar til dei utgiftene staten vert påført ved at ei sak vert handsama i forliksrådet. Departementet syner i den samanheng til høyringssvaret frå Oslo politidistrikt ved Namsfuten i Oslo, Asker og Bærum, kor det vert uttalt at utviklinga den siste tida syner at sakene i forliksrådet krev meir arbeid både for sekretariatet og forliksrådsmedlemmene. Politidirektoratet uttalar at sekretariata brukar meir tid på handtere digitale førespurnader, som har auka betydeleg sidan omlegginga til utsending av digital post.

Forslaget om å endre multiplikatoren for gebyret i rettsgebyrlova § 7 fyrste ledd frå 1,1 R (1 404,70 kroner) til 1,54 R (1 966,58 kroner) vil gje ei auking på om lag 562 kroner. Etter departementet sitt syn er aukinga moderat. Universitetet i Bergen ved professorane Anna Nylund og Magne Standberg syner i sitt høyringssvar til at den prosentuelle endringa er stor, sjølv om den foreslegne aukinga gjeld relativt låge beløp. Både dei og Rettspolitisk forening meiner at aukinga i gebyr vil føre til at både terskelen for å ta rettslege steg, og den økonomiske risikoen, vert høgare. Departementet syner i den samanheng til at utgiftene til handsaming av ei sak i forliksrådet er låge samanlikna med å bringe saka inn for dei alminnelege domstolane. Departementet meiner at dei som nyttar forliksråda, framleis vil ha ein reell moglegheit til å handheve sine rettigheter. Handsaming av saker i forliksrådet er, og skal fortsett vere, eit lågterskeltilbod.

Finans Norge, Finansforbundet, Oslo forliksråd, Rettspolitisk forening og Jussbuss er negative til ei auking i gebyret for handsaming av ei sak i forliksrådet. Jussbuss fryktar at dei foreslegne endringane vil gjere at mange lar vere å hevde sin rett fordi det vert for dyrt. Oslo forliksråd peikar

på at endringane vil kunne redusere kor mange saker som blir brakt inn for forliksrådet i saker kor tvistesummen er avgrensa.

Departementet er ikkje av den oppfatning at ei moderat auking i gebyret vil føre til at færre tar saka til forliksrådet. Som Oslo politidistrikt ved Namsfuten i Oslo, Asker og Bærum peikar på, er det ikkje alltid manglande betalingsevne ligg til grunn for at ei sak vert brakt inn for forliksrådet. Departementet syner òg til at gebyret kan krevjast erstatta av motparten etter tvistelova § 6-13 fyrste ledd bokstav a.

Jussbuss og Rettspolitisk forening uttalar at aukinga av gebyret kan stride mot retten til rettferdig rettargang etter EMK artikkel 6. Departementet har vurdert at det ikkje er tilfellet.

Reknestykket med den foreslegne multiplikatoren på 1,54 R vil gje eit matematisk resultat på 1 966,58 kroner. Som ein anonym privatperson peikar på i sitt høyringssvar, skal gebyret rundast nedover til nærmaste krone i tilfelle eit rettar-gangsskritt endar med desimalar, jf. rettsgebyrlova § 6 a. Med den foreslegne multiplikatoren vil gebyret difor vere 1 966 kroner ved innkrevjinga.

Basert på vurderingane ovanfor, foreslår departementet at multiplikatoren for gebyret i rettsgebyrlova § 7 fyrste ledd vert endra til 1,54 R.

#### 3.4.2 Justering av multiplikator for forkynning av betalingsoppmoding

Basert på utrekningane frå Politidirektoratet legg departementet til grunn at gjeldande gebyr er lågare enn kostnaden politiet har i samband med å forkynne betalingsoppmodingar etter konkurslova § 63. Departementet vurderer at det på same måte som for handsaming av saker i forliksrådet, er rimeleg at det vert betalt eit gebyr som svarar til dei utgiftene staten vert påført ved å forkynne ei betalingsoppmoding. Av omsyn til samanhengen i regelverket som gjeld gebyr for forkynningar, meiner departementet at multiplikatoren bør setjast til det same som i rettsgebyrlova § 25 fyrste ledd tredje punktum (0,5 R). Forslaget om å endre multiplikatoren for gebyret i rettsgebyrlova § 25 fyrste ledd andre punktum frå 0,4 R (510,80 kroner) til 0,5 R (638,50 kroner) er difor noko lågare enn sjølvkost, sjå tabell 3.2. Endringa vil gje ei auking på om lag 128 kroner. Etter departementet sitt syn er aukinga rimeleg. Departementet foreslår at multiplikatoren for gebyret knytt til forkynning av betalingsoppmoding i rettsgebyrlova § 25 fyrste ledd andre punktum vert endra til 0,5 R.

### 3.4.3 Retting av inkurie i rettsgebyrlova § 10 fyrste ledd nr. 6

Departementet har blitt merksam på ein inkurie i rettsgebyrlova § 10 fyrste ledd nr. 6, sjå Høgsteretts ankeutvals orskurd 24. januar 2024 (HR-2024-170-U).

Lov 14. juni 2019 nr. 21 om arv og dødsboskifte (arvelova) vart sett i kraft 1. januar 2021. I samband med ikraftsetjinga vart det fastsett ei ny føresegn i lov 4. juli 1991 nr. 45 om rett til felles bolig og innbo når husstandsfellesskap opphører (husstandsfellesskapslova) § 3 a. Føresegna inneber at sambuarar kan krevje offentleg skifte ved opphøyr av sambuarskapet på annan måte enn ved død, jf. Prop. 107 L (2017–2018) *Lov om arv og dødsboskifte (arveloven)* side 366. Samstundes vart rettsgebyrlova §§ 16 og 18 endra med den verkna den at desse bua er jamstilte med felleseigebebu ved utrekninga av gebyr når arvelova tok til å gjelde, jf. Prop. 21 L (2020–2021) *Endringer i arveloven (landbrukseiendommer i dødsbo mv.)* side 21, med tilvising til Prop. 107 L (2017–2018) side 366. Som ein konsekvens av jamstillinga mellom ektefellar og sambuarar, skal tilsvarende tvistar mellom sambuarar og tidlegare sambuarar difor omfattast av gebyrfritaket i rettsgebyrlova § 10 fyrste ledd nr. 6. Departementet foreslår at lova vert endra slik at gebyrfritaket omfattar sambuarar og tidlegare sambuarar.

## 4 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Politidirektoratet har rekna ut at ei endring av gebyra knytt til handsaming av ei sak i forliks-

rådet og forkynning av betalingsoppmoding vil gje ei årleg auking av inntektene til staten på 22,1 millionar kroner. Sidan departementet foreslår at lovendringa tek til å gjelde frå 1. juli 2024, blir aukinga i inntekter om lag 11 millionar kroner i 2024. Det er tatt utgangspunkt i eit anslag av talet på framtidige saker basert på saksinngangen i 2022 og 2023.

## 5 Merknadar til dei einskilde føresegnene

---

### Til § 7

*Fyrste ledd* gjeld gebyr for handsaming av ei sak i forliksrådet. Multiplikatoren endrast frå 1,1 R til 1,54 R. Departementet syner til vurderinga i punkt 3.4.1.

### Til § 10

Saker mellom dei gruppene som er nemnd i *fyrste ledd nr. 6* vert retta slik at ordlyden er i samsvar med gjeldande rett, jf. husstandsfellesskapslova § 3 a. Gebyrfritaket skal difor omfatte sambuarar og tidlegare sambuarar. Departementet syner til vurderinga i punkt 3.4.3.

### Til § 25

Multiplikatoren knytt til gebyret for forkynning av betalingsoppmoding etter rettsgebyrlova § 25 *fyrste ledd andre punktum* endrast frå 0,4 R til 0,5 R. Tilvisinga til konkurslova vert endra slik at berre korttittelen til lova går fram av føresegna. Departementet syner til vurderinga i punkt 3.4.2.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i rettsgebyrloven (justering av multiplikator for forliksklage og forkynning av betalingsoppmoding).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i rettsgebyrloven (justering av multiplikator for forliksklage og forkynning av betalingsoppmoding) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringer i rettsgebyrloven (justering av multiplikator for forliksklage og forkynning av betalingsoppmodning)

#### I

I lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr vert det gjort følgjande endringar:

§ 7 fyrste ledd fyrste punktum skal lyde:

For behandling av en sak ved forliksrådet betales 1,54 ganger rettsgebyret selv om forliksklagen senere blir trukket tilbake eller avvist.

§ 10 fyrste ledd nr. 6 skal lyde:

6. sak mellom ektefolk, fraskilte, *samboere eller tidligere samboere* om opphevelse av formuesfellesskap, formuens fordeling, pensjon, bruksrett til løsøre og fast eiendom og om lignende økonomiske forhold,

§ 25 fyrste ledd andre punktum skal lyde:

For forkynnelse av betalingsoppfordring etter *konkursloven § 63* betales likevel 0,5 ganger rettsgebyret.

#### II

1. Lova tek til å gjelde frå 1. juli 2024.
2. Lova gjeld for forliksklager og krav om forkynning av betalingsoppmodning som er sendt etter at lova har tatt til å gjelde.





